



Informasjonssaker veke 28 (16.07.2021)

Dei faste kommunemøta er avlyst i sommarperioden, dette skrivet innehold difor ein del informasjon som vi ønskjer å dele med kommunane.

Innhold

1. Praktisk informasjon.....	1
2. TISK-kapasitet i sommar og oppdatering av kommunelegehandboka	1
3. Vaksineleveransar i tida framover.....	2
4. Bestilling av vaksineutstyr	3
5. Gjennomgått covid-19 og kriterium for å få status som fullvaksinert	3
6. Vekerapport frå FHI	3

1. Praktisk informasjon

Vi minner om:

- Neste planlagte kommunemøte er torsdag 12. august.
- **Rapportering i sommar**

Dei som skal rapportere i sommar søker om å få tildelt rolle på vegner av kommunen, vi godkjenner fortløpande.

<https://rapportering.fylkesmannen.no/Content/Docs/Brukerveiledning.pdf>

Vi minner om at vi gjerne vil få informasjon dersom det oppstår kritiske utfordringar, og at vi vil kunne kalle inn til kommunemøte på kort varsel ved behov.

- **Informasjon frå Statsforvaltaren i sommar**

E-postadresser til tilsette som ønskjer informasjon frå oss direkte på e-post i sommar (i tillegg til dei mottakarane som får informasjon i dag), kan meldast inn på nettsidene våre (lenke sendast saman med dette skrivet).

- **Kontaktinformasjon for spørsmål til Statsforvaltaren:**

I samband med ferieavvikling oppmodar vi om å nytte beredskapsadressa vår ved spørsmål:

sfvberedskap@statsforvalteren.no.

Vakttelefon: 916 99 098.

2. TISK-kapasitet i sommar og oppdatering av kommunelegehandboka

Vi er i ein situasjon der samfunnet er i ferd med å bli gjenopna, andel vaksinerte aukar, samstundes som den meir smittsame deltavarianten av viruset er i ferd med å bli dominerande. Ein må forvente at det blir noko aukande antal smitta i tida framover. Strategien i handtering av viruset er likevel at kommunane må få kontroll over utbrot så raskt som råd. FHI og Helsedirektoratet minner om at TISK-kapasitet må oppretthaldast gjennom sommaren og hausten, inntil oppdatert informasjon om anna kjem.

Vi har fått tilbakemeldingar om at det har vore tilfelle med drøfting av i kva grad ein kan avvente oppstart av TISK-arbeid ved påviste smittetilfelle. Vi minner om at smittesporing må startast



umiddelbart ved påvist smitte.

FHI minner om at å avgjere kva tiltak som skal setjast i verk ved utbrot, no kan vere meir utfordrande enn før. Kommunane har aukande, men likevel varierande, vaksinasjonsgrad. Kombinert med meir smittsam variant av viruset, krev dette ei grundig vurdering av lokale målretta tiltak. Vi minner igjen om at FHI er på tilbodssida, og sterkt ønskjer å bli kopla på i samband med vurdering av tiltak ved smitteutbrot.

Statsforvaltaren ønskjer å bli orientert ved utbrot.

FHI har òg informert om at kommunelegehandboka blir oppdatert denne veka:

- Risikovurdering må ta omsyn til vaksinasjonsdekning, men òg til Delta-varianten.
- Tiltaksverdning ved utbrot er meir utfordrande som følgje av vaksinasjon og Delta-varianten.

Fredag denne veka ventast ny risikovurdering frå FHI om Delta-varianten og epidemien generelt.

3. Vaksineleveransar i tida framover

Vi har fått spørsmål frå fleire kommunar som ser dei vil få utfordingar med å bruke opp vaksinedosar (til dose 1) i dei komande vekene. For nokre kommunar er ei årsak i m.a. at dei i stor grad har henta ut 7 dosar per hetteglas, medan FHI sender ut dosar ut frå berekningar om 6 dosar frå kvart hetteglas. Utfordringane vi har fått melding om er anten at kommunen vil få levert fleire dosar enn tal innbyggjarar som gjenstår å gi tilbod om 1. dose til, for andre er det utfordingar med å få kalla inn innbyggjarar til vaksinasjon i ferieperioden.

Spørsmåla vi har fått er knytt til m.a. om kommunane kan dele dosar med andre (gi vekk), vaksinere for nabokommunar, redusere doseintervall og om/når det skal meldast tilbake til FHI i høve for høgt antall dosar eller ved tilfelle som t.d. vaksinasjon for nabokommunar.

Generelt gjeld følgjande:

Frå informasjonsbrev om koronavaksinasjonsprogrammet nr 23, er det omtalt tiltak hjå kommunar som har for mange dosar, og der det er planlagt omfordeling:

«Kommuner som før denne mekanismen har satt inn, mottar flere doser enn de har satt opp timer til, skal søke å bruke disse på egne innbyggere som ikke har mottatt dose 1. Dette kan gjøres både ved aktivt gå ut til enkeltpersoner, enkelte miljøer eller eventuelt tilby dosene som drop in-timer. Samarbeid med lokalmedia kan være nyttig for å informere om tilgjengelige drop-in-tidspunkt. Hvis dette ikke lykkes, kan man invitere 2 nabokommuners innbyggere til å ta i bruk disse dosene. Som siste utvei kan man innkalle noen til dose 2 på et tidligere tidspunkt. FHI kan ikke ta allerede utsendte doser i retur.»

I sist referat frå møte med vaksinasjonskoordinatorar hjå statsforvaltarane er det same nevnt:
«De dosene som allerede er sendt ut, kan vi ikke ta i retur, og de kan ikke sendes fra kommune til kommune. Dersom man ikkje får satt dose 1 i egen kommune, skal kommune forsøke å gi de til folk i nabokommunene, evt studenter som oppholder seg i kommunen. Om det ikke skulle gå, kan siste mulighet være å gi de som dose 2 til kommunens egne innbyggere.»



Statsforvaltaren i Vestland

Oppsummert skal kommunane i slike tilfelle (i prioritert rekkefølge)

1. Aktivt prøve å få innbyggjarar, eller studentar og andre som oppheld seg i kommunen, til å møte opp til å ta vaksine.
2. Invitere nabokommunar sine innbyggjarar til å kome til kommunen for vaksinasjon. Vaksiner skal ikkje transporterast ut av kommunen. Dette på grunn av fare for skade på vaksine under transport. Vi gjer merksam på at slik vaksineleveranser er organisert i dag, vil dose nr 2 kome til den kommunen der vaksinedose 1 er sett. Vi oppmodar om å halde oversikt over antal dosar som blir tilbuddt innbyggjarar i andre kommunar.
3. Som siste utveg: Starte med dose 2 dersom ingen andre tiltak fører fram, og vaksinen ikkje kan lagrast lenger. Mottekne vaksiner kan ikkje returnerast til FHI.

Når skal kommunen informere FHI?

Alle kommunar som nærmar seg full dekning for dose 1, uavhengig av årsak, må melde dette til FHI så tidleg som råd for at dei skal kunne gjere ei best mogleg omfordeling. Vaksineforsyninga kan kontaktast på: vaksineforsyningen@fhi.no.

Kommunane det gjeld bør ha ein dialog med FHI om vaksineutleveringa skal reduserast eller opphøyre heilt.

Kva treng ikkje informerast om til FHI?

- Vaksinasjon av innbyggjarar i nabokommunar: FHI treng ikkje å få informasjon om vaksinasjon som blir gjort for nabokommunar/innbyggjarar som bli vaksinert i nabokommune.
- Framskutt dose nr. 2: FHI treng ikkje å få informasjon om redusert doseintervall i dei tilfelle kommunen ser det som siste utveg.

4. Bestilling av vaksineutstyr

Dersom kommunar har behov for ytterlegare vaksineutstyr, bestillast dette direkte frå Helsedirektoratet på e-post til: vaksineutstyr@helsedir.no.

5. Gjennomgått covid-19 og kriterium for å få status som fullvaksinert

Ved positiv fullantistofftest, som inkluderar IgG, treng ein berre ein vaksinedose for å vere fullvaksinert. IgG i seg sjølv gir ikkje status som beskytta (må ha ein vaksinedose i tillegg). Covid-19-forskrifta § 3 er oppdatert i høve dette. FHI har oppdatert informasjon i [denne artikkelen](#).

6. Vekerapport frå FHI

Vestland hadde i veke 28 ein auke i antal nye tilfelle. Auken i veke 28 kan i stor grad knytast til auke i antal tilfelle i Bergen, og i nærliggjande kommunar. Ved testing ved grensekontroll var andelen som testa positivt ved ankomst i veke 27–28 høgast blant personer med bustadfylke Vestland.

Heile rapporten kan lesast her:

<https://www.fhi.no/contentassets/8a971e7b0a3c4a06bdbf381ab52e6157/ukerapport-uke-28-12.07--18.07.21.pdf>